

Delta i debatten, skriv til oss!

DEBATT@NATIONEN.NO



TEKSTLENGDER:

Kronikk: Maks 4900 tegn med mellomrom.

Leserinnlegg: Maks 2000 tegn

Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kronikker honoreres som hovedregel ikke. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere og forkorte innsendt stoff og til å publisere det på alle våre plattformer.

Kronikk



Heime i fjellheimen: Dei nye norske hyttefelta påverkar natur og sosiologi, skriv kronikøren.

Foto: Mariann Tvete

Hyttetankar frå ein skeptikar

Me held oss med to og tre heimar, og byggjer dei siste der villreinen bur. Dette er eit symptom på eit større problem.

Tysdag er eg invitert til å halde eit kåseri for Grøn hyttelab, ein heildigital konferanse som NTNU, Oppdal kommune og Nasjonalparken Næringshage skal arrangere i dag. Men eg anar ikkje kva eg har der å gjøre. Eg kan ikkje forstå kvifor arrangørane har bedt meg om å kåsere om hytter og moderne hytteliv.

Eg er ein puritanar som meiner at hytter skal vere primitive og tungvinte stadar der ein kjem i kontakt med seg sjølv. Utan innlagt vatten og med vonde briskar og vedovnar som lek sur røyk frå vát ved.

På morgonen det tredje døgnet vaknar eg og kjenner at no er eg restituert nok til å på nytt ta steget inn i sivilisasjonen og menge meg med alle dei tilpassa liva på cafe med c.

Så eigentleg bør ikkje eg snakke om det moderne hyttelivet i andre-heimane. Og slett ikkje på ein konferanse som søker å «dekke etterspurnaden av fritidsbustadar», slik det står i programmet. I tillegg ønskjer dei visst også å «sikre både sosial berekraft, heilheitleg arealforvalting og ein klimavennleg fritidsøkonomi».

Trur me på det? Eller er det

berre nytale og ei grønvasking av noko alle veit eigentleg er svart?

Eg meiner å sjå at eg etter kvart deler denne hytteskepsisen med jamt fleire. Stadig fleire startar verte skeptiske til hytteutviklinga, og for mange har skepsisen gått over til skråsikker motstand.

For ei tid tilbake vart eg invitert til eit uformelt møte om «hytteproblemet». Initiativtakaren, som nærmest kan kallast ein nasjonal strateg for ei særskild friluftsinteresse, starta dette uformelle møtet med å fortelje oss at «Me har snart ein halv million hytter no», før han la fram ei utskrift frå SSB som syntet oss at i 1983 vart det bygd 1600 nye hytter med ein gjennomsnittleg storleik på 62 m². I dag – dryge 35 år seinare – vert det bygd over 6500 hytter som i snitt er nesten 90 m².

Han hadde kalla saman ei gruppe sentrale folk frå fire av dei største miljøorganisasjonane våre, som alle var tilsynelatande samde om at hytter var eit problem.

Som bygdeforskar må eg innrømme at sjølv sagt kan eg sjå «hytteproblemet», men eg er redd hyttene er meir som eit symptom å rekne, eit symptom på eit problem som er langt større enn einast hyttene og hyttefelta aleine.

Sjølv sagt er eg uroa for den aktive nedbygginga av utmarka vår og den utviklinga me ser i den

norske hyttekulturen. Eg er uroa for forsterkinga av det kulturelle klassekiljet det skaper når den norske øvre middelklassa flokkar seg i desse monokulturelle byggefelta sine i ein lettlevd rural idyll der dei skjermar seg frå samfunnets røyndomar kvar einaste langhelg og ferier.

Eg er uroa for korleis det endrar den sosiale balansen i bygdesamfunna våre når ein flokk ressurssterke elitistar breier seg utover bjørkebelta i dalsidene kringom fjellbygdene våre og bokstaveleg talt ser ned på dei lokale som kjempar sine kvardagskampar i dalbotnen.

Eg er uroa for korleis den au-kande heilårsaktiviteten langs etter løype- og sti-netta, som veks på seg kilometervis for kvart år, er med på å krympe leveområda for både tam- og vill-rein og anna som treng langt meir plass en knapt nokon anar.

Eg er uroa for ein ressursbruk hinsides all fornuft når jamt fleire skal halde seg med to og somtid tre heimar som alle er større og meir velutrusta enn nokon heim får berre få år tilbake i tid.

Eg er uroa for kva det gjer med oss at det ofte er dei same folka, dei som held seg med både ein og

to andreheimar, som fortel oss at på grunn av klimaet bør fjellbøndene slutte å halde seg med sau. For sauene er nemleg drøvtyggar og derfor også ein klimaversting.

Eg er uroa for kva som skjer i grindene når einskild grunneigarar ikkje lenger ser verdien av at dei grøderike beita langs dal-sidene skal delast med grannane som har valt å halde fram som matprodusentar. Og som dermed stenger av beita og hankar inn privatprofit frå hytteutvikling som einast finansierer eige eskalante forbruk.

Men den største uroa mi kvilar likevel på; kva er alternativet? Kva alternativ har dei typiske fjellbygdene våre, som kan gjøre hytteutbygging overflødig?

For einsidig å stogge all framtidig hyttebygging er ikkje ei løysing aleine. Det trengst noko meir, det trengst noko i tillegg til berre å stogge hytteutviklinga. Noko som kan representere eit alternativ for fjellkommunane, noko som kan bidra til at folk på Oppdal, Geilo, Hovden, Bjarli og Trysil kan henge med i den sosiale velstandsutviklinga som folket i Oslo så vel som i Stavanger, Trondheim og Bergen opplever.

Men i den ny-liberale tidsorden

så kjem ikkje slike tillegg nokon stad i frå. I den ny-liberale tidsorden lyt hyttekommunane sjølv finne tillegget, dei må sjølv finne ut korleis dei skal sikre framtida for seg sjølv så vel som for komande generasjonar, utan å fortære grunnressursen.

Personleg kjenner eg meg viss på at å ha som mål å dekke dei urbane middelaldrande-øvre middelklass-e-familianes attrå etter fritidsbustadar i desse monokulturelle hytte-landsby-gettoane i bjørkebeltet, det er ikkje vegen å gå.

Eg er redd svært mange av dei mest kjende hyttekommunane våre ikkje treng fleire flanerande helgeturistar i batteribilar på ste-roider, dei treng ikkje fleire tilfeldig besökande med solbriller på, derimot treng dei bufaste.

Men så lenge me spring etter dei tjukkaste lommebøkene og flagrar med fargerike hytteprospekt i nevane så veks hyttegettoane og heimebygdene vert jamt meir framand for dei som ein gong treivst så godt her.

Derfor ser eg fram til å følge desse tre etappane av Grønn hyttelab, eg ser fram til å høre nye tankar som kan gi inspirasjon til ny praksis. Eg ser fram til at nokon kan fortelje meg kva alternativet er.

Et klasseskilje i fjellet

«Den norske øvre middelklassa flokkar seg i desse monokulturelle byggefelta sine i ein lettlevd rural idyll.»

Bjørn Egil Flø

Bygdesosiolog, Nibio